



OPUS Bergen AS  
Strandgt.59  
5004 BERGEN

Dato: 30.05.2014  
Vår ref.: 2014/16194-5  
Saksbehandlar: annvabo  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Kvalheimsneset gnr. 28, bnr. 63 90,95 - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 6. mail 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kvalheimsneset. Hovudføremålet med reguleringa er fritidsbustader. Planområdet er regulert til campingplass i gjeldande reguleringsplan og avsett til næringsføremål i gjeldande kommuneplan.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Landskap
- Kulturminne
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Senterutvikling
- Strandsone
- Universell utforming

### Meir om landskap, strandsone og friluftsliv

Fylkeskommunen gjer merksam på at planområdet inngår i landskapsområdet Kvolmosen-Austrevågen som er av typen våg og smalsundlandskap. I kartlegginga av landskapstypar i Hordaland er landskapsområdet verdisatt med «stor verdi» - landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng. Strandsone og fjorden er og ein del av det svært viktige regionale friluftsområdet Kvolmo-Byngja.

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i *Fylkesdelplan for kulturminne* der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det

vidare planarbeidet.

Det er ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, landskap, kulturminne, næringsutvikling, samferdsel, senterutvikling, strandsone og universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Anne-Kathrine Vabø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Radøy kommune

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland